



Justisdepartementet
Politidirektoratet
Justiskomiteén på Stortinget

Dato: 12.06.2015
Vår ref.: 2014/20049-5
Saksbehandlar: anifjel

Uttale: Politireformen

Hordaland fylkesting har i møte 10. juni 2015 samrøystes vedteke slik uttale:

"Politireformen

Hordaland fylkesting syner til samledokument for einigheit mellom Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre om Nærpolitireformen.

Dokumentet gjev følgjande framlegg for struktur for Sunnhordland:

Det foreslåtte Rogaland politidistrikt endrer navn til Sør-Vest politidistrikt.

Kommunene Bømlo, Fitjar og Stord legges til Sør-Vest politidistrikt. Disse kommunene legges til Vest politidistrikt når forventede transportløsninger (som Hordfast) er på plass. Dersom bygging av forventede transportløsninger ikke er startet innen 2023, skal Bømlo, Fitjar og Stord likevel vurderes lagt til politidistrikt Vest.

Hordaland fylkesting meiner at sjølv om Sunnhordland ikkje er ferjefri til Bergen i dag, så høyrer kommunane Bømlo, Fitjar og Stord både kulturelt og geografisk nærare til Bergen enn Stavanger.

Hordaland fylkesting ber difor Stortinget på ny sjå på den geografiske strukturen på politiet i dei 3 nemnde kommunane, og allereie no slå fast at dei heilt frå starten av skal leggjast til Vest politidistrikt.

Vidare ber Hordaland fylkesting om at Stortinget legg til rette for at nye samanslåtte kommunar som etter kommunereforma hamnar i to politidistrikt får høve til å velje framtidig tilknytning til eit av politidistrikta.

Med helsing

Tom-Charister Nilsen
fylkesordfører